



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 19. april 2018

Stad: Meland kommunehus – Møterom 1

Kl.: 08.30 – 11.30

Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Rikke Slåtten Nordal (medlem) og Solbjørg Åmdal Sandvik (vara for Aslaug Aalen). Morten Klementsens deltok frå kl 09.15 under sak 15/18

Innkalla: Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen (til sak 15/18)
Økonomisjef Per Inge Olsen (til sak 16/18)
Arngunna Haga, leiar NAV Meland, Marita Systaddal Johansen (til sak 17/18)

Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall: Øyvind Bratshaug og Aslaug Aalen

Dag Erik Hagesæter (vara for Bratshaug) var innkalla, men kunne ikkje møte

Grunna forfall og frammøte var 5 av 7 medlemmar til stades ved møtestart og 6 av 7 frå sak 15/18.

15/18 Forvaltningsrevisjonsrapport Meland kommune – Vedtaksoppfølging

Saksvedlegg:

Nordhordland Revisjon IKS, 26. mars 2018:

Forvaltningsrevisjonsprosjekt, «Vedtaksoppfølging, Meland kommune».

Saksopplysningar / vurderingar:

Forvaltningsprosjektet er utført på bakgrunn av kontrollutvalet si bestilling i møte 21.09.2017, sak 39/17.

Det vart halde oppstartsmøte med rådmann og personal- og organisasjonssjef den 23.11.2017. Revisjonen har føreteke eit utval av saker og undersøkt ulike politiske vedtak. Revisjonen har også føreteke intervju med tilsette. Administrasjonen har gjeve sin høyringsuttale til rapporten, datert 19.03.2018.

Føremålet med prosjektet er å få ei vurdering av gjeldande rutinar og system for oppfølging og iverksetting av politiske vedtak, samt å rapportere tilbake til politisk nivå.

Rapporten er todelt og revisjonen har undersøkt følgjande problemstillingar:

1. Har Meland kommune eit system som sikrar at politiske vedtak vert sett i verk, og at politisk nivå får tilbakemelding i tråd med føresetnadane i vedtaka ?

2. Er politiske vedtak i perioden 2014-2016 sett i verk i tråd med føresetnadane, og har politisk nivå fått tilbakemelding i tråd med føresetnadane i vedtaka ?

Meland kommune er organisert med ein to-nivå struktur. Rådmannen har subdelegert mynde og oppgåver til dei leiarane som rapporterer direkte til han.

Revisjonen har utleia følgjande revisjonskriterium for vurdering av oppfølging, iverksetting og tilbakemelding om kommunestyrevedtak i Meland kommune:

- 4.1 Kommunen bør ha system for føring av møtebok og skal gje nærare reglar for føring av møtebok.
- 4.2 Kommunen bør ha system for fordeling av ansvar og oppgåver.
- 4.3 Kommunen bør ha system for oppfølging av politiske vedtak.
- 4.4 Kommunen bør ha system for intern rapportering i høve politiske vedtak.
- 4.5 Kommunen bør ha system for tilbakemelding frå administrasjonen til politisk nivå om oppfølging, iverksetting og måloppnåing i samband med politiske vedtak innan dei tidsfristane som er sett.
- 4.6 Rutinane bør føreliggja skriftleg.

Revisjonskriteria nemnt ovanfor er nytta for belyse problemstilling 1. I rapporten har revisjonen føreteke ei vurdering og gjeve sin konklusjon for kvart av desse kriteria.

Konklusjon problemstilling 1:

Meland kommune sitt system for vedtaksoppfølging inneheld element, som inngår i eit system for internkontroll. Elementa med formaliseringar, dokument og rutinar, er ikkje utarbeida slik at vedlikehald vert sikra, og dei er ikkje kopla saman slik at dei utgjer eit heilskapleg system. Systemet for vedtaksoppfølging er ikkje eigna til å ivareta rådmannen sitt ansvar for at vedtak i folkevalde organ vert sett i verk, følgt opp og meldt tilbake til politisk nivå.

Problemstilling 2 er vurdert ved undersøking av 19 politiske vedtak frå åra 2014 - 2016.

Konklusjon problemstilling 2:

Meland kommune har sett i verk 11 av dei 19 undersøkte politiske vedtaka i perioden, og det er meldt attende til politisk nivå som føresett i vedtaka. I åtte vedtak er det uklart om iverksetting og rapportering.

Revisjonen har i rapporten gjeve følgjande tilrådingar til endring av Meland kommune sin praksis og system for vedtaksoppfølging, der administrasjonen bør:

- Ta stilling til kva informasjon rådmannen treng om ulike vedtak og etablera interne rapporteringskrav som gjev denne informasjonen.
- Utarbeida ei heilskapleg oversikt over politiske vedtak som er til administrativ handsaming, føresetnadane i vedtaka, samt om og kvartid det skal rapporterst tilbake til politisk nivå.
- Ta stilling til korleis WebSak Fokus bør nyttast for å gje ei systematisk og heilskapleg oversikt og styring av vedtaksoppfølginga, og sikra at tilsette har tilstrekkeleg systemkunnskapar til å ivareta dette einskapleg.
- Etabler eit system for å melda tilbake til politisk nivå i tråd med føresetnadane i vedtaka, og sikra at saksframlegga refererer til saksnummeret og evt. innhaldet i det opphavlege vedtaket.

Rådmannen har i sin høyringsuttale peika på at det kan vere føremålstenleg å utvikle eit betre system og rutinar med ei meir formalisert løysing, gjennom eit prosjektsamarbeid med dei andre kommunane som skal gå saman i Alver kommune.

Kommunane, som skal inn i Alver, nyttar alle same sakshandsamarsystem som Meland. Organisering og interne rutinar er/kan vere ulike. På grunnlag av det som framkjem i rapporten kan eit felles prosjekt vere ei god tilnærming og ressursnyting i tida fram til samanslåing.

Behandling i møte:

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik deltok i møtet og han gav ein presentasjon av prosjektrapporten og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Ulike saker som var undersøkt i prosjektet vart gjennomgått og drøfta.

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen deltok og svara på spørsmål til rapporten.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kontrollutvalet rår til at rådmannen tek initiativ til å etablere eit prosjekt, i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver, for å utvikle system og rutinar for ei god vedtaksoppfølging i Alver kommune.

I tida fram til Alver kommune er etablert, ber kontrollutvalet rådmannen også å ha fokus på intern opplæring og bruk av noverande saksbehandlarsystem.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten gjennom eit prosjekt i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune. Prosjektet sitt overordna mål er å utvikle system og rutinar for ei god vedtaksoppfølging i Alver kommune.

Innan 1. oktober 2018 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten skal følgjast opp.

Frekhaug 19. april 2018


Kåre Skibenes /leiar


Øyvind Olsnes/sekretær